Norge styrker sitt engasjement i Mali og i Sahel. Dette engasjementet er forankret i «Strategi for norsk innsats i Sahel-regionen 2018-2020» (2018), som konkretiserer og operasjonaliserer føringene fra «Veivalg i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk» (Meld. St. 36 (2016-2017)), «Felles ansvar for felles fremtid. Bærekraftsmålene og norsk utviklingspolitikk» (Meld. St. 24 (2016-2017)), «Partnerland i utviklingspolitikken» (Meld. St. 17 (2017-2018)) og «Strategisk rammeverk for norsk innsats i sårbare stater og regioner» (2017), samt «Strategi for norsk humanitær politikk» (2018).

Andre viktige styringsdokumenter inkluderer «Hangslingsplan for kvinner, fred og sikkerhet (2019) som slår fast at Norge skal jobbe mer systematisk med kvinner, fred og sikkerhet i vår støtte til gjennomføring av fredsavtaler, styrke kjønnsperspektivet i internasjonale operasjoner og oppdrag, og øke innsatsen for jenter og kvinner i humanitært arbeid.

Som du skriver i henvendelsen har den pågående konflikten i Mali store innvirkninger i regionen, ikke minst så rammer denne kvinner, barn og andre utsatte grupper spesielt hardt. Konsekvensene blir ytterligere forverret av at Mali i utgangspunktet er blant verdens fattigste land, og at sikkerhetssituasjonen skaper utfordringer med å nå disse.

Den krevende situasjonen i landet gjør en helhetlig tilnærming nødvendig. Sikkerhetssituasjonen må forbedres samtidig som humanitær innsats og langsiktig utviklingsarbeid implementeres parallelt.

Arbeidet med sikkerhetssituasjonen

På sikkerhetsområdet støtter Norge aktivt opp om FNs fredsbevarende operasjon MINUSMA (United Nations Multidimensional Integrated Stabilization Mission in Mali). Fra 15. mai til 15. november i år bidro Norge til MINUSMA med ett Hercules C-130J transportfly som taktisk transportkapasitet for å frakte personell og last rundt i Mali. Detasjementet fra Norge bestod av rundt 60 kvinner og menn med bakgrunn fra ulike fagfelt som var nødvendig for å løse oppdraget.

Samtidig arbeider vi både i Oslo og gjennom den norske ambassaden i Mali med oppfølging av fredsavtalen i Mali fra 2015 (Algers-avtalen). Ett element i dette arbeidet er innsatsen for å fremme bred inkludering og forankring av avtalen i befolkningen. Kvinner må få en tydeligere og mer selvstendig rolle i oppfølgingen av fredsavtalen. Mali er derfor et satsningsland for norsk innsats innen kvinner, fred og sikkerhet.

**Humanitær innsats**
De humanitære behovene i Mali er store, og forverres av den pågående konflikten i landet.

Norge samarbeider bredt for å nå disse utsatte gruppene. Samarbeidspartnere inkluderer Norges Røde Kors, Kirkens Nødhjelp, Redd Barna og UNFPA (FNs befolkningsfond som arbeider med særlig vekt på seksuell og reproduktiv helse og rettigheter).

**Langsiktig utviklingsarbeid**
Selv om Mali preges av en pågående krise er det viktig å tenke langsiktig. På lang sikt vil utvikling, fred og stabilisering avhenge av hvorvidt en klarer å skape vekst og økonomiske muligheter for den stadig voksende unge befolkningen. Utviklingsarbeidet med Mali er særlig rettet mot klimatilpassing av landbruket og utdanningssektoren i landet.

Landbrukssektoren er Malis største sysselsetter og står dermed sentralt for å bedre levekår, skape jobber og økonomisk vekst, samt forebygge ressurskonflikter og redusere fremtidige humanitære behov. Styrket ressursforvaltning vil være viktig for at flere skal få ta del i Malis videre økonomiske utvikling samt for å forebygge konflikter. Norge samarbeider med det internasjonale instituttet for tropisk landbruk (IITA) og Institutt for rural økonomi (Institut d'Economie Rurale) på dette området i Mali.

Seks av ti voksne maliere kan i dag ikke lese eller skrive, og rett til god utdanning, særlig for jenter, er derfor avgjørende. Vold og konflikt har i tillegg forårsaket at mange skoler er blitt stengt. For at Malis raskt voksende befolkning, og et større antall kvinner, skal kunne bidra til økonomisk vekst og ha mulighet til å delta i samfunnsutviklingen må et større antall unge gjennomføre et skoleløp. Norge samarbeider blant annet med Strømmestiftelsen, Digni, og Kirkens Nødhjelp på dette området i Mali.

Jeg håper dette besvarer spørsmålet deres, og beklager enda en gang for at svaret er blitt såpass forsinket.

*Mvh Andreas Holm Røsberg*
*Aspirant*
*Utenriksdepartementet*

*Sendt Regjeringen,*
*partienes stortingsgrupper, presse*

## NOKRE TANKAR OM ÅRETS STATSBUDSJETT

*Svelgen 20.10.2019*

Det er mykje vi kunne kommentert i årets statsbudsjett, vi har valt å kommentere litt på desse sakene:

- Auke i barnetrygda: dette er bra for dei det gjeld, men vi skulle ønske meir auke for dei mellom 6-18 år og. Utgifta til denne aldersgruppa er større enn for barn under 6 år. Dyrare kle og sko, og meir ekstra utstyr som må til både på skulen og til fritidsaktivitetar.
- Kutt i støtta til barnebriller er heilt uakseptabelt og som vil råke spesielt barn som veks opp i låginntektsfamiliar. Her har det tidlegare vore ein sats på 475 kroner for innfatningar, og inga øvre grensa for glas. Og dette vert jo tilpassa den enkelte som treng briller. Augelegeforeininga meiner at alle barn under åtte år som treng briller bør få dette dekka, like viktig som medisin på blå resept. Varig svekka syn kan verte ein konsekvens dersom dei ikkje får briller.
- Innstramming på tannregulering gruppe C, dei med eit klart behov. Igjen kjem regjeringa med forslag om kutt som vil ramme barn og unge.
- Styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta er flott. Men vi saknar styrking av jordmødrer, både i kommunehelsetenesta og på sjukehusa.
- Samlivskurs til fyrstegongsfødande eit flott tiltak som kan vere med å styrke familiane.
- Aktiv og sunn aldring- eldrereforma Leve heile livet skal styrkast, etablering av eldreombod, og satsing på velferdsteknologi. Flotte tiltak for ein god alderdom.
- Kjøkken på sjukeheimane og i heildøgns omsorgsbustader har vi etterlyst lenge, så kjempeflott at det no vert innført tilskot til dette.
- Sundt kosthald, måltidsglede og god helse for alle! Men kva med skulemåltid?

Det vert spanande å sjå kva som vert vedtatt, er ein del ting her som etter vårt synspunkt ikkje bør vedtakast.

*Med vennleg helsing*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*forbundsleiar*

# Henvendelser til offentlige myndigheter og andre

**TIL BARNE- OG FAMILIEMINISTER**
**KJELL INGOLF ROPSTAD**
*Svelgen 11.11.2019*

Utvising av Masha Aghabararian.
Vi les i Aftenposten 9. november at Masha Aghabararian skal utvisast frå Norge fordi ho har oppretta eit enkeltmannsføretak som tannlege.

Masha fødde for seks månader sidan sitt første barn, og UDI meiner det er godt nok at barnet skal ha kontakt med mor gjennom internett. Og at det ikkje er ei uvanleg stor belastning for barnet at mor må reise. Dette er heilt uakseptabelt, barnet er så vidt byrja med fast føde og morsmjølk er hovudnæringa til barnet. Sjølvsagt er det ei kjempestor belastning for barnet at mor må reise ut av landet. Det er her ho får hovudnæringa si frå, og at mor forsvinn over natta er klart ei stor belastning.
Masha Aghabararian har budd i lag med barnefaren i Norge i fem år, og vore gift med han i to år. Dersom dette enkeltmannsføretaket er ulovleg, så får ho få beskjed om det og legge det ned utan at ho må forlate familien sin.

Her må Barne- og familieminister Kjell Ingolf Ropstad komme på bana, vi kan ikkje godta at folk skal verte behandla på denne måten i Norge. Ungen sitt beste må komme forran det at mor kanskje har gjort ein feil. Det er ikkje berre politikarane som kan feile og få ein ny sjanse, dette må også gjelde for andre.

Vi forventar at Barne- og familieministeren saman med andre i regjeringa her grip inn, og vi venter på svar om kva som vert gjort.

*Med vennleg helsing*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*forbundsleiar*

**TIL BARNE- OG FAMILIEMINISTEREN**
**FOLKEHELSEMINISTEREN**
*Inntak av næringsrik mat gjev inntak av lærdom!*
*Svelgen 12.11.2019*

Kirkens bymisjons fattigdomsrapport viser at det er mange barn som lever i låginntekts familiar, og mange av desse ungane har ikkje matpakke med seg på skulen. Mange av dei får ikkje noko varmt måltid i heile tatt i løpet av dagen. Kanskje har dei ikkje ete frukost heller fordi det ikkje er noko mat i heimen.. Når vi les at « mamma berre sendte med oss samanrulla matpapir så det skulle sjå ut som vi hadde med oss matpakke» då vert vi forbanna, sånn skal ingen barn i Norge ha det.

Vi er eit av verdas rikaste land, og eit av få land i heile Europa som ikkje har skulemat, dette må gjerast noko med no!

Vi har alle eit ansvar for at alle barn i Norge skal ha det bra, og det å innføre skulemat er ei enkel sak dersom politikarane ynskjer det.

Eit varmt skulemåltid gjev auka trivsel, alle vert meir inkludert og ein får reduksjon av mobbing. Samtidig vert det mindre uro i klassane, og då vert det betre læringsmiljø.

Mange politikara meiner det einaste som hjelper er fleire lærarar, og meir mattematikk. Men utan næringsrik mat klarer ikkje hjernen å ta imot lærdomen.

Skulemåltid forbetrar elevanes oppmerksemd i 6 av 7 studiar. Fordeler knytt til karakterar, i all hovudsaka matematikk, er også funnet i 6 av studiane (GranthamMcGregor 2005)

-"Det er udiskutabelt at ernæring kan spille en viktig rolle mht. i kva grad unge menneske lykkast i sine (skule) prestasjonar (Bellisle 2004)

I august 2008 starta Hundsund Skulerestaurant opp, og det var dugnad frå Snarøya Kvinne- og familielag som fekk dette til.

Mat og måltida er sentrale i våre liv, så som nyting, kjelde til glede, møtestad og kulturell bærer. Matvanane har også betydning for helsa, og det gjelder både barn og vaksne. Bra mat og fysisk aktivitet gjer at barna får det lettare å leike og lære. Barnehagen og skulen har en unik moglegheit til å naturlig fremme en helsebringande livsstil med gode matvanar til våre barn, på en positiv måte. Heim og familie har det grunnleggjande ansvaret, men fordi de fleste barna spis mange av sine måltid utanfor heimen, vil andre vaksne også påverke barnas matvanar. Gode og næringsriktige måltid i eit triveleg miljø kor barn og vaksne et saman gir personalet moglegheiter til å formidle og praktisere en positiv åtferd til mat og måltid.

Vi ynskjer å invitere Barne- og familieministeren og Folkehelseministeren til besøk og orientering ved Hundsund skulerestaurant og sjølvsagt eit varmt måltid.

*Med vennleg helsing*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*Forbundsleiar.*

**FORSVARSDEPARTEMENTET, BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET OSLO 03.12.2019**

**Partienes stortingsgrupper, pressen, NTF og Veteranforbundet SIOPS**

Uttale frå Norges Kvinne- og familieforbund sitt internasjonale- og beredskapsseminar 15. og 16. november 2019.

Beredskap for pårørande til dei som har vore i Internasjonale operasjonar.

Forsvaret har no eit godt tilbod til dei som har vore ute i internasjonale operasjonar. Men korleis er det med dei pårørande?

Norges Kvinne og familieforbunds internasjonale- og beredskapsseminar ber om at dei pårørande òg får den hjelpa dei treng.

Vi meiner at det er viktig å ha eit tilbod til alle organisasjonar og deira familiar som er i internasjonale operasjonar.

*Med vennleg helsing*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde, forbundsleiar*

# Høringsuttalelser

**DET KONGELIGE KUNNSKAPSDEPARTEMENT**
*Høyring – forslag til endringar i opplæringslova, friskulelova og folkehøgskulelova.*

Etter gjennomgang av høyrings notat datert 31.10.2018 med forslag til endringar og grunngjeving for endringane, er vi heilt einige i dei innskjerpingane og presiseringar i lova for krav til tilsetting, fast eller midlertidig i vidaregåande skule, friskular og folkehøgskular for personar med dom for seksuelt overgrep mot mindreårige på sin politiattest.

Norges Kvinne- og familieforbund ser det som absolutte krav i lova at ingen som har slik dom skal ha noko med barn og unge i barnehage, skule, fritidsordningar eller idrett.

Stad/dato Svelgen 28. januar 2019

*Med vennlig hilsen*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*forbundsleder*

**ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENTET**
*Oslo 2. desember 2019*

Høring- forslag til gjeninnføring og utvidelse av rett til fortsatte pleiepenger ved barns død

Norges Kvinne- og familieforbund støtter forslag i § 9-10 fjerde ledd:

Dersom barnet dør i stønadsperioden, ytes det pleiepenger i opptil 30 stønadsdager (seks uker)

Til den som har mottatt fulle pleiepenger i minst tre år ytes det pleiepenger i opptil tre måneder. Ved eventuell arbeidsinntekt i denne perioden graderes pleiepengene mot arbeidsinntekten.

*Med vennleg helsing*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*Forbundsleiar*
*(Til orientering- departementet har trukket saken)*

**HELSE OG OMSORGSDEPARTEMENTET**
*Oslo 5. desember 2019*

Høring om lov om Eldreombudet
Vi støtter forslaget om innføring av Eldreombud i Norge.

Dette for at alle eldre skal få ein betre kvardag. Eldre er ingen einsarta gruppe. Det er viktig å ta vare på eldre som fell utanfor det digitale "nettet". Ta vare på einsame eldre.

Derfor treng vi eit Eldreombud som er lett tilgjengeleg og synleg i samfunnet. Eit personifisert Eldreombud er lettare å henvende seg til.

Noko somvil føre til at eldre engasjerer seg i samfunnet og er med å forme morgendagens eldrepolitikk, at eldre kan mestre og delta lenger, leve heile livet.

Eit Eldreombud som er vaktbikkje, pådrivar og talerøyr ovenfor myndigheter når det gjelder interesser, rettigheter og behov for eldre,- som har ein følge med-rolle. Eit Eldreombud som kan uttale seg fritt. Sette eldrepolitikk på dagsorden.

Eldreombud som fremmer både interesser, rettigheter og behov for eldre.

Sikre at Eldreombudet blir "varig" ved at det blir nedfelt i eigen lov.

Eit Eldreombud vil styrke interessene, rettighetene og behovene for eldre, samt å opprette likeverd for eldre

*Med vennleg helsen*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*Forbundsleiar*

**OPPRETTHALD KONTANTSTØTTA!**
*Oslo 25.01.2019*

Norges Kvinne og familieforbund var veldig fornøgd med at regjeringsplattforma sa at vi skulle opprethalde kontantstøtta, men det varte ikkje mange dagane før vi les at Frp vil endre på dette.

**Jobbkrav for kontantstøtte!**
Nok ein gang går Frp ut mot innvandrarkvinnene som vel å vere heime med barna sine EIT år ekstra, frå ungane er eitt til to år. Valfridom er viktig for oss alle, også for innvandrarkvinner. Det er ikkje alle som ønskjer at barna skal i barnehage som eittåring, for mange familiar er det rett å vere heime eit år lenger, sjølv for innvandrarfamiliar.

Uttalen til Jon Engen-Helgheim i Frp er eit rasistisk utsegn.

Det er ikkje kontantstøtta som er årsak til at innvandrarkvinner ikkje kjem seg ut i arbeid. Kva med alle innvandrarmenn og unge gutar som ikkje jobbar? Er det kontantstøtta som er grunnen til det og? Det må andre tiltak til, og her svikter regjeringa.

Det som kjem til å skje er at fleire barn vert fattigare.

Det er mange etnisk norske kvinner som vel å vere heime eit år ekstra medan barna er små, og som mottar kontantstøtte, kva meiner Frp om det?

Det er faktisk ikkje sånn at det er barnehage og pedagogar som er best heile tida. For dei aller fleste små barn er det foreldra som er best.

NOK er NOK med tanke på negative forandringar i kontantstøtta.

*Med vennlig helsing*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*forbundsleiar*

**PRESSEMELDING 8. FEBRUAR 2019**
*Valfridom for den enkelte familie skal vere det viktigaste!*

**Tredelt foreldrepermisjon til barns beste?**
Før ein innførte tvungen tredeling i likestillinga sitt namn burde ein ha sikra fedrar eigen oppteningsrett til permisjon. For det er jo diskriminering, og langt frå likestilling at far ikkje har eigen oppteningsrett men må bruke av mor si oppteningsrett.

Har politikarane så dårleg tiltru til folk at dei må tre ei tredeling nedover hovuda til folk. Det som er rett for ein familie er ikkje sikkert er rett for andre. Kvifor kan ikkje den enkelte familie få bestemme sjølv kva som er rett for dei?

Korleis kan politikarane seie at det å ha tredelt permisjon er det beste for barnet og mor, når så mange går ut og fortel om problema det vert for dei? Kva som er best for den enkelte familie må vere det viktigaste. Det er ikkje alltid det beste for barnet at far er heime og mor må tidleg ut i jobb.

No er det no sånn at det er mor som går gravid, føder og ammer. Mange mødrer treng meir enn 7 månadar på å restituere seg etter ein fødsel, og mange våkenetter. Det er mor som må amme, så der kan ikkje far avlaste.

Meiner ein at barnet ikkje får to gode omsorgspersonar dersom mor har lenger permisjon? Det er no litt fleire timer i eit døgn enn dei åtte timane ein jobbar. Og det er no eit dagsverk å vere heime med barnet og.

Avlastning heime på mor? Vi reknar med at vi er komen så langt i likestillinga her i landet at husarbeidet vert fordelt fordi om mor har permisjon. Det er vel ikkje berre mor som gjer alt husarbeidet etter jobb når barnet har byrja i barnehagen heller.

At tredelinga på sikt skal gje kvinnene mindre jobb på sikt? Når far har like stor forståing av viktigheita av hus- og omsorgsarbeid, skal mor sleppe å ta det «andre skiftet» med husarbeid og det «tredje skiftet» med omsorgsarbeid aleine. Kva for ein verden lever dei i som bruker sånne uttaler? Dette har no ingenting med tredeling av permisjonen å gjere. Dette er likestilling i heimen, som vi har hatt i mange år utan tvungen tredeling.

Det at far må vere ein god forhandlar for å få meir enn fedrekvoten? Her meiner vi det er noko kvar familie må diskutere seg fram til sjølve, kva som er rett for dei.

Og dersom far har ein jobb der han ikkje kan ta permisjon i 15 veker, når då mor har brukt opp dei vekene ho kan ta permisjon er barnet ca. sju månadar. Skal barnet då byrja i barnehage? Får ein plass i barnehagar når ein berre er sju månadar?

Norges Kvinne og familieforbund krev at:

Valfridom for den enkelte familie skal vere det viktigaste!

# Pressemeldingar og leserinnlegg

**PRESSEMELDING**
*Svelgen 20. mars 2019*

Klage på NRK Super, FlippKlipp, «Victor kan ikke si nei en hel dag, Yes Man med Woldelige Ole» publisert på nettsida 09.03.2019, og oppmoding om at Kringkastingsrådet drøfter NRKs profil som allmennkringkasting om å tøye grenser innafor enkelte program.

Norges Kvinne og familieforbund (K&F) har i dag sendt klage til Kringkastingsrådet på eit program som ligg ute på tv.nrksuper.no. Dette er FlippKlipp, «Victor kan ikke si nei en hel dag, Yes Man med Woldelige Ole»

Dette er eit program med ei nedre aldersgrense på 6 år. I programmet vert det vist at ein voksar kjønnshår, der «Victor» skrik i smerte ler «Woldelige Ole», dette meiner vi i K&F ikkje er noko humorprogram for barn og unge, vi meiner det gjev feil signal ut til barna. Vi undrast på kva form for humor det er at ein storler av ein som skrik ut i smerte? Og kva humor er det i å vokse kjønnshår i eit program for barn?

Ein viser at det er greitt å påføre andre smerter og le av det. Det er flytting av grenser feil veg, ein er med på å skape haldningar i forhold til kropp og utsjåande. Ein gjev barn idear om at kroppen kan eksperimenterast med og ein viser at ein kan le av andre sine smerter.

Vi meiner dette er svært kritikkverdig i og med at vi ser ei utvikling i samfunnet der stadig yngre barn får eit negativt syn på eigen kropp. Det er mykje mobbing og press blant barn og unge, og mange tøyer grenser og eksperimenterer med mykje som ikkje er bra.

Vi lever i ei tid der kroppsfiksering, trakkasering og grensetesting er meir utbreidd enn nokon gang. Då meiner vi at NRK, finansiert av lisenspengar, skal gå forran som eit godt eksempel.

Dersom det skulle vere behov for ytterlegare informasjon eller kommentarar, ta gjerne kontakt.

*Med venleg helsing*
*Norges Kvinne og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*Forbundsleiar*

**PRESSEMELDING**
*Inntak av næringsrik mat gjev inntak av lærdom!*
*Svelgen 12.11.2019*

Kirkens bymisjons fattigdomsrapport viser at det er mange barn som lever i låginntekts familiar, og mange av desse ungane har ikkje matpakke med seg på skulen. Mange av dei får ikkje noko varmt måltid i heile tatt i løpet av dagen. Kanskje har dei ikkje ete frukost heller fordi det ikkje er noko mat i heimen.. Når vi les at « mamma berre sendte med oss samanrulla matpapir så det skulle sjå ut som vi hadde med oss matpakke» då vert vi forbanna, sånn skal ingen barn i Norge ha det.

Vi er eit av verdas rikaste land, og eit av få land i heile Europa som ikkje har skulemat, dette må gjerast noko med no!

Vi har alle eit ansvar for at alle barn i Norge skal ha det bra, og det å innføre skulemat er ei enkel sak dersom politikarane ynskjer det.

Eit varmt skulemåltid gjev auka trivsel, alle vert meir inkludert og ein får reduksjon av mobbing. Samtidig vert det mindre uro i klassane, og då vert det betre læringsmiljø.

Mange politikara meiner det einaste som hjelper er fleire lærarar, og meir mattematikk. Men utan næringsrik mat klarer ikkje hjernen å ta imot lærdomen.

Skulemåltid forbetrar elevanes oppmerksemd i 6 av 7 studiar. Fordeler knytt til karakterar, i all hovudsaka matematikk, er også funnet i 6 av studiane (GranthamMcGregor 2005)

-"Det er udiskutabelt at ernæring kan spille en viktig rolle mht. i kva grad unge menneske lykkast i sine (skule) prestasjonar (Bellisle 2004)

I august 2008 starta Hundsund Skulerestaurant opp, og det var dugnad frå Snarøya Kvinne- og familielag som fekk dette til.

Mat og måltida er sentrale i våre liv, så som nyting, kjelde til glede, møtestad og kulturell bærer. Matvanane har også betydning for helsa, og det gjelder både barn og vaksne. Bra mat og fysisk aktivitet gjer at barna får det lettare å leike og lære. Barnehagen og skulen har en unik moglegheit til å naturlig fremme en helsebringande livsstil med gode matvanar til våre barn, på en positiv måte. Heim og familie har det grunnleggjande ansvaret, men fordi de fleste barna spis mange av sine måltid utanfor heimen, vil andre vaksne også påverke barnas matvanar. Gode og næringsriktige måltid i eit triveleg miljø kor barn og vaksne et saman gir personalet moglegheiter til å formidle og praktisere en positiv åtferd til mat og måltid.

Vi ynskjer å invitere Barne- og familieministeren og Folkehelseministeren til besøk og orientering ved Hundsund skulerestaurant og sjølvsagt eit varmt måltid.

*Med vennleg helsing*
*Norges Kvinne- og familieforbund*
*Aina Alfredsen Førde*
*Forbundsleiar.*

# Pressemeldinger og leserinnlegg

**PRESSEMELDING**

*Fars eigen oppteningsrett til permisjon!*
*Svelgen 13.11.2019*

At vi i Norge i 2019 har det sånn at mor må tene ein viss sum for at far skal få sin permisjon med barnet er heil uhøyrt. Vi ynskjer at fleire skal føde barn her i landet, men vi legg ikkje til rette for at begge foreldra er like viktige.

Dersom mor studerer må ho i tillegg jobbe deltid for at ein skal ha eit håp om foreldrepengar, og dersom mor ikkje klarer å studere 100 %, jobbe deltid samtidig som ho er gravid og skal føde, så får ikkje far rett til foreldrepermisjon heller. Og dersom mor får helsemessige plager under svangerskapet så ho ikkje klarer å jobbe får ho ikkje sjukepengar og heller ikkje rett på foreldrepengar. Det å gå gravid og føde er den største påkjenninga kroppen nokon gang skal gjennom.

Dersom politikarane meiner at det skal fødast fleire barn og at begge foreldra er like viktige, må vi få på plass fars eigen oppteningsrett til permisjon no! Dette er mykje viktigare enn tredelt foreldrepermisjon.

*Med vennleg helsing*
*Norges Kvinne- og familieforbund*

# Årsmeldinger fra kretsene

## BERGEN OG MIDTHORDLAND KRETS

Kretsstyret 2019 etter årsmøtet:

| | |
|---|---|
| Kretsleiar | Eldbjørg Gunnarson |
| Styremedlem | Solveig Thomassen |
| Kasserar | Randi Støre Gjerde |
| Varamedlem | Anne-Kristine Bakke |
| Sekretær | Ingrid Axelsen |
| Varamedlem | Christine Andreassen |
| Studieleiar | Anne Britt Bø |
| Varamedlem | Brita Lund |

**Arbeidet i kretsen**
Kretsen har nå 10 lag og hadde ved årsskiftet ca 280 medlemer, inkludert ein del familiemedlemer. Dette er ein nedgang på ca 25. Fleire lag har æresmedlemer.

Kretsstyret har hatt 6 ordinære styremøte. I tillegg til styremøte har vi hatt kontakt på telefon og e-post.

På årsmøtet 26.4.2019 vart det vedteke to uttalar frå kretsen:
" Våre eldre fortjener god mat og godt stell! - Gjeninnfør institusjonskjøkken på sjukeheimar i Bergen" vart sendt til Byrådsavdeling for Helse og omsorg, Eldrerådet, og ein del politikarar som gav oss positiv respons. Kommunen svara i september.
"Foreldrepermisjon – eit tredje alternativ", vart sendt til forbundet, som la det ut på si Facebook-side. Det kom ein del respons, hovedsakleg positiv. Forslaget er skrive om fleire gongar, men vi har ikkje fått det inn i Bergens-avisene. Siste versjon er sendt til Prinsipprogramkomiteen og vil bli sendt til Landsmøtet.

Årsmøtet 2019 vart halde 25. april kl. 18.00–20.00 i Innbyggerservice, Kaigaten 4. 26 personar møtte, 16 med røysterett.

Forbundsleiar Aina Alfredsen Førde orienterte om arbeidet sentralt i K&F, og om ACWW sin verdenskonferanse i Australia, der ho og Merethe Brattetaule representerte forbundet.
Laksevåg lag markerte 90 årsdagen sin, og spanderte marsipankake på alle deltakarane.

Ope møte14.mars i samarbeid med Kvinnefestivalen: "Kvinner i farta – kosthold, mosjon og helse" v/professor Oddrun Samdal. Bergen off. bibliotek. 19 til stades.

**Representasjon**
Nordens kvinneforbunds konferanse vart arrangert av Hem och Samhälle i Varberg. 4 representantar frå kretsen deltok. Kretsen støtta deltakerne økonomisk.

K&Fs seminar i november, "Kvinner og barn i krig og konflikt". 5 deltok frå kretsen.

**Verv i kretsen og sentralt**:
Merethe Brattetaule er internasjonal kontakt i kretsen, og Bjarnhild Hodneland beredskaps-kontakt. Ho har også verv i Norsk Totalforsvarsforum (før KFB).
Randi Støre Gjerde er nestleiar i K&F (2018 -), og medlem av Prinsipprogramkomiteen.
Christine Andreassen er framleis sentralstyremedlem (2014 -) og 2.representant i ACWW.
Solveig Thomassen er leiar for Prinsipprogramkomiteen.
Eldbjørg Gunnarson er medlem av Kontrollkomiteen, og Elin Hvidsten vararepresentant.

**Møte i andre organisasjonar:**
- Deltok på årsmøte i Hordaland folkeakademi 23.03.2019
- "Kvinnehelse i et livsløpsperspektiv", dagskonferanse arr. av Sanitetsforeningen ca 10 medlemer deltok.
- "Inkluderende frivillighet", Frivillig Norge, 5 representantar
- Oppstartmøte Kvinnehelsehus i Bergen. Sanitetsforeningen. 2 repr. frå kretsen.
- "Vold i nære relasjonar", markering i november.. Deltok på møter arr. av LO og SIM Kulturmestringssenter.
- Kvinneklinikken inviterte til møte om Brukarpanel for tettare og meir uformell kontakt med organisasjonar som er særleg engasjert i kvinnehelsespørsmål. Møtet vart halde 09.01.2020. Randi Støre Gjerde representerte forbundet og kretsen.

**Økonomi:**
Kretsen har god økonomi , og har difor kunna gje støtte til fleire av laga til jubileum og foredrag. Dessutan har Eksingedalen K&F-lag har fått kr. 5.000,- for å samla oppskrifter og gje ut boka "Bygdebakst og Gommorgraut". 8.mars-markeringa i Bergen fekk kr. 1.000,- også i 2019, og kretsen gjev fast kr. 5.000,- til Landslotteriet.

# Årsmeldinger fra kretsene

**Aktivitet i laga:**
Kretsen har ved årsskiftet 10 lag med lokal aktivitet. 1 lag la ned i 2019.
Lagsaktiviteten varierer, nokre har regelmessige lagsmøte, andre brukar alle kreftene på barnehagen og tiltak omkring den. Dei fleste laga har varierande program - foredrag og diskusjonar, teaterbesøk og turar. Andre aktivitetar gjeld nærmiljøet: leseringar, trimgrupper for ulike aldersgrupper, St.hans-feiring, pilates, eldretreff på dag- og kveldstid, julemøte og basarar.

Fleire lag driv framleis barnehager av ulik storleik Dette er arbeid som krev stor innsats fra styra. Ein barnehage er lagt ned i 2019, og ein er seld. Mange av laga vart starta nettopp for å laga barnehage i området, lenge før det offentlege oppdaga at ein barnehage var eit viktig grunnlag for busetjing og trivsel. Konsekvensen av dette er at hovedtyngda av medlemene er eldre, men i ein del lag har ein klart å rekruttere yngre, aktive medlemmer.

**Hundvåkøy** har 27 medlemmer. Har hatt 2 arrangement og to styremøte. Har hovedansvar for basar til inntekt for Hundvåkøy samfunnshus, som i 2019 fekk inn 155 787,-! Laget serverer også på Seniortreff på Austevoll p.o.senter. Lagleder sit også i kretsstyret.

**Drøna/Rostøy** Laget vedtok første nedlegging på årsmøte 13.02.2019, og stadfesta nedlegging på ekstra årsmøte 24.09.2019.

**Lyngtua barnehage** vart lagt ned på grunn av mangel på born 31.07. 2019, siste tida vart det drive med oppsparte midlar.

´Helsing frå lagleiar: "Barnetalet i bygdene vårer er ein indikator for laget. Laget er nedlagt og medlemane er no ein viktig del av Drøna og Rostøy bygdalag der alle er medlemer, gamal og ung, kvinne og mann. Slik må det vera her hos oss no. Men: Kvinne- og familieforbundet si ånd, vert med oss gamle medlemer vidare."

**Kolbeinsvik** har 21 medlemmer, og driv Kolbeinsvik barnehage med 18 born. Har basar og fått laga nye gamaldagse årer, ryddedugnad og hyggeleg blåtur. Planlagt l efsebakekurs vart avlyst pga dårleg påmelding.

**Os** har 15 medlemmer, og feira 60 år (i 2018) med tur til Voss i mai. Ellers har dei hatt lagsmøte, teatertur og adventsmøte. Studiering i litteratur med 7 deltakarar / 8 møter. Laget bruker «Husmortunet» til aktivitetane sine. Lagleiar er medlem av kretsstyret.

**Straumsgrend** har 59 medlemer. Straumsgrend barnehage vart for ein del år sidan omorganisert som samvirkeforetak, og er dermed drive og eigd av foreldregruppaForeldra skal vera medlemer av Straumsgrend lag. Mykje av aktiviteten er knytt opp mot borna, m.a. St. Hans feiring saman med Strømmes Vel, haustbasar, og juleverkstad for barn 3-12 år.

**Nordås** har 6 medlemer, ingen aktivitet. Laget eig eit hus som vert leigd ut til Nordåstræet barnehage for ein symbolsk sum. Betalar fast kvar måned for eit SOS barn.

**Skjoldtun** har 14 medlemmer. Laget driv barnehage med 55 barn og 20 ansatte, og arbeid og aktivitetar er hovedsakleg knytt til barnehagen. Dette krev mykje arbeid for styremedlemene, og styret rosar dagleg leiar som tek på seg mykje ekstra arbeid.

Adventskafe og påskeeggjakt er faste, populære aktivitetar i nærmiljøet. Trimpartiet på Skjold skole vart lagt ned ved årsskiftet på grunn av stadig færre deltakarar.

**Laksevåg** har 70 medlemmer. Laget bygde opp og dreiv Damsgård barnehage, ein stor barnehage med 83 barn og 26 tilsette. Denne vart seld til Stiftelsen Kanvas barnehager frå 01.08.2019. Laget hadde i april kurs i førstehjelp og livredning for barn i barnehage, med 20 deltakarar. Det vart også halde kurs i saum av Laksevåg herrebunad, med fortsetjing i 2020 med damebunad. Laget har framleis ansvar for sal av sølv til Laksevåg-bunaden.Laget sitt 90-årsjubileum vart markert på kretsårsmøtet i april Laget har eit medlem i kretsstyret.

**Ulriken** har 19 medlemmer, og er eit aktivt lag med regelmessige møte. Har 1 æresmedlem Laget har hatt 5 møte: foredrag om tradisjonsmat i dag, teater, vandring på Landås, og feira 40 år i juni. Lagsmedlemer stiller opp på ulike konferansar med viktige tema. Lagleiar og eit medlem sit i kretsstyret.

**Tertnes** har 47 medlemmer med 1 æresmedlem. Laget hadde 3 lagsmøte, og eig og driv Tertnesparken barnehage AS med 29 barn. Torsdagstreffet eldretreff er svært populært med ca 50 deltakarar annakvar torsdag og har eit SOS-fadderbarn. Studietiltak: Lesesirkel starta i 2017 med 9 deltakere, og Strikkekafé, oppretta 2005, i samarbeid med Garnstuen. SIM Kulturmestringssenter er knytt til laget. To representantar i kretsstyret.

Prestestien/Skinstø har 8 medlemmer. Blåtur

og julemøte, og teaterbesøk via  Kunst og Kulturringen. Denne vert hovedsakleg drive av medlemer i laget.

Kunst og kulturringen er framleis aktiv, og arrangerer mange interessante og gode møte med foredrag, teaterforestillingar og utstillingar med stort oppmøte gjennom heile året. Ringen er frå 2019 ein eigen organisasjon utanom forbundet.

Det er imponerande å lesa alle årsmeldingane, og det står stor respekt av arbeidet som vert gjort. Tusen takk til alle de som gjer ein innsats slik at lagsmedlemer og andre kan få gode opplevingar og ny kunnskap om mange ulike tema.

## HÅLOGALAND KRETS

Styret har bestått av:
Leder: Gunn Evjen. Kasserer: Marie Tveita
Nestleder/studieleder/sekretær: Ann-Kristin Evjen.
Styremedlem: Tove Mette Blix
Varamedlemmer: 1. Ingunn Krey og 2. Anne Lise Engvik Vi har ikke hatt noen fysiske styremøter i 2019, bare telefon- og mailkontakt.
Kretsleder har deltatt på workshop i Bodø 20 mai, vi var invitert av Barne- og familiedepartementet.
Leder og nestleder deltok på internasjonalt seminar i Oslo 15 og 16 nov. Det er sendt ut referat fra dette til lagene.
Pr. 31.12 var vi 11 lag og 124 medlemmer i kretsen. Dette er en hyggelig oppgang på 15 medlemmer fra 2018.
Dette er aktiviteter som lagene driver med:

- Julegrantenning
- Juletrefest
- Julemesse
- Julebord
- Juleverksted
- Noen lag gir pengegaver til div formål i deres nærmiljø
- Lørdagskafé, eldrekafé og strikkekafé
- Kosekveld med allsang
- Hilde kurs
- Loppemarked
- Bingo
- Gøy på landet
- Strikker sokker til nyfødte
- Ett lag har eget hus
- Bruktbutikk
- Bygdedager
- Blomster til jubilerende medlemmer
- Det er gitt penger til SOS barnebyer
- Andenes lag driver barnehage

Tverlandet lag har startet opp igjen i 2020.
Mye bra aktivitet i lagene, både for eldre og unge.
Fortsett det gode arbeidet!

*Evjen, 03.06 2020*
*Mvh Kretsleder Gunn Evjen*

## SOGN OG FJORDANE KRINS

Årsmøte for 2019 var planlagt på Comfort hotel Victoria i Florø 27.-29. mars 2020
Tema: EIT SAMFUNN I ENDRING!
Så kom covid 19 og sidan har både krins og lag vore lamma av nedstenginga i samfunnet. Sakene som var innkomne til krinsårsmøtet blir oversende til neste årsmøte.

Styret har hatt denne samansetninga:
Gunnvor A. sunde, leiar
Bjørg Meek, nestleiar
Gyda Benæs, kasserer
Rita Holsen, styremedlem
Oddbjørg Veum, styremedlem
1. Vara Kårhild Melheim Rinde
2. Vara Ann Kviteberg
Internasjonal kontakt: Vik K&f-lag v/Eva Vatle Skeie
Revisorar: Marit Haugen Gjervik, og Reidun Enstad Våge K&f
Valkomite: Kjelkenes og Kumle

Årsmøtet i 2019 var i Stryn 29.-31 mars
Ordføraren helsa årsmøtet og vi fekk omvisning på Stryn vidaregåande skule i ei leilegheit innreda med ny teknologi.
Inger Hoff, tidlegare krinsleiar var gjest.
Årsmøtet vedtok 5 viktige uttaler:
Svangerskap, fødsel og barsel.
Tredelt foreldrepermisjon.
Valet i haust må bli eit sunt matval.
Husmorvikar/familiehjelp.
Auka barnetrygd for alle barna.

Årsmeldingane til laga syner stor aktivitet.
Krinsen har 13 lag og 162 medlemmar. Eit lag vart lagt ned i 2019.
Aktiviteten i laga spenner frå drift av barnehage til skulefrukost, besøk på sjukeheimar og kursaktivitet.

Grasrotandel er ei ordning som nokre lag får uttelling på, ellers er lotteri ei fast inntektskjelde.

# Årsmeldinger fra kretsene

**Aktivitet i laga:**
Utdeling av strikka labbar til nyfødde.
Jonsok/grautfest/ Olsokfeiring/kyrkjejubileum/ juletrefest/søndagskafear/flatbrødbaking.
Innspel til kommune og fylke om skysstilbod og veglys.
Adventsbasar/sjukeheimsbesøk.
Basarar til inntekt for lokale velferdstiltak.
Trimrom, yoga.
Dugnadar som nedvasking av kulturhus, krabbefestival, deltaking på seniordans og andremøteplassar.
Blomsterhelsingar, blomsterplanting og medhjelparar i minnestunder.
Stryking av konfirmantkapper.
Sy-og strikke kveldar, matlagingskveldar med plukking av bær som blei til syltetøy som medlemmane fekk med heim, internasjonal mat.
1-2-3 klubb med 15 klubbkveldar for barn som laga mykje spennande og nyttig.
Fortfattarbesøk og djupdykk i forfattarskap.
Innspel på kommunale saker som jordmorstillingar.
Ymse kurs, seminar, studieringar, konferansar og opne møter om aktuelle tema.
Bli kjend kveldar/ kulturutveksling og språktrening med innvandrarjenter/kvinner.
Fleire lag har fadderbarn og mange stiller som bøssebererar i TV-aksjonar. Utanom ACWW og Cova er det mange som støttar krisesenter og Redd Barna.

Krinsen har hatt 3 styremøter på Breim, Holsen og i Olden. Styret har sendt
Uttale om Ambulansetenester i Helse Førde (prehospital teneste) og
Oppmoding til kommunar og forbundsleiing om høyring av barnevernet etter modell i Samnangerrapporten.
KrinsLeiar var på seminar om beredskap og internasjonalt arbeid i Oslo.
Styret v/ leiar sende julebrev med oppfordring til laga om å sende vennskapsmynt.

*Gunnvor A. Sunde*
*Krinsleiar*

### ÅRSMELDING FOR LAG DIREKTE TILKNYTTET FORBUNDET

101 lag var direkte tilknyttet forbundet i 2019, en økning på 14 lag fra 2018. Årsmeldingene fra alle disse lagene leses, oppsummeres og føres i statistikker av oss i sentralstyret. 2019 har som vanlig vært et år med stor aktivitet rundt om i landet. Lagene har hatt 406 lagsmøter/ arrangement og mange kurs registrert i Studieforbundet Næring og Samfunn. Vi ser fortsatt at lokallagene bidrar på mange områder i sine nærmiljø for å skape trivsel og engasjement blant unge og gamle. Alene, eller sammen med andre lag og foreninger drives det hente og bringetjeneste, kirkekaffe, eldretreff, mat til barn etter skoletid, integreringsarbeid i form av matkurs, tur-dager, språkkafé, strikkekafé o.l. Mange lag tar fortsatt ansvar i forbindelse med 17. mai, St. Hans og tenning av julegran. Det er mye omsorg, hjertevarme og omtanke som preger arbeidet i lagene.
Gammel kunnskap er det viktig å ta vare på! Vi gratulerer Eksingedalen Kvinne- og familielag med boken «Bygdebakst og Gommorgraut». Generasjoner med oppskrifter, gamle historier og tradisjoner er samlet og bevart for ettertiden. Et skattkammer for kommende generasjoner.

# Statistikker

| Tall for 2019 | Antall medlemmer | Antall lag | Antall | Relatert til satsingsområde | Heldags barnehage | Tiltak for b/u under 26 år |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aust- Agder* | 34 | 4 | | | | |
| Bergen/Midthordland | 305 | 10 | 27 | | 5 | |
| Hedmark* | 34 | 4 | | | | |
| Hålogaland | 114 | 13 | ** | | | |
| Oslo* | 207 | 7 | | | | |
| Romsdal* | 34 | 4 | 23 | 3 | | |
| Sogn- og Fjordane | 175 | 14 | ** | | 1 | |
| Sunnmøre* | 55 | 5 | | | | |
| Vest-Agder* | 43 | 3 | | | | |
| Lag uten krets | 1686 | 101 | 406 | | 2 | 17 |
| Direktemedlemmer | 138 | | | | | |
| Totalt | 2825 | 170 | 456 | 3 | 8 | 17 |
| *Pga. korona pandemi har ikke kretsene fått godkjent årsmeldingen | | | | | | |
| ** Antall lagsmøter totalt ikke ført | | | | | | |

# Studiearbeid i kretser og lag






## Studiearbeid i kretser og lag



# Tillitsvalgte og ansatte 2019

| | |
|---|---|
| **SENTRALSTYRET:** | |
| Forbundsleder | Aina Alfredsen Førde |
| Nestleder | Randi Støre Gjerde |
| Nestleder | Olaug Tveit Pedersen |
| Medlemmer | Christine Andreassen, Anne M. Eggestøl, Inger Berger<br>Oddlaug Hovdenakk |
| Varamedlemmer | Edel Mikkelsen, Sigrunn Strøm |
| **KRETSLEDERE/POSTKONTAKT:** | |
| Aust-Agder | Else Marie Holm |
| Bergen/Midthordland | Eldbjørg Gunnarson |
| Hedmark | Anne Lise Bryhn |
| Hålogaland | Gunn Evjen |
| Oslo | Liv Aasa Holm |
| Romsdal | Gerd Røsberg |
| Sogn- og Fjordane | Gunnvor Sunde |
| Sunnmøre | Anita J. Kvalsund |
| Vest-Agder | Eva Ousbey |
| **LEDERE AV KOMITEER OG UTVALG:** | |
| Valgkomiteen | Anne Enger |
| Prinsipprogramkomiteen | Solveig Thomassen |
| Kontrollkomiteen | Kristin Hansen |
| Internasjonalt utvalg | Elisabeth Rusdal |
| Beredskapsutvalget | Wenche Rolstad |
| **K&FS REPRESENTANTER I:** | |
| ACWW | Aina Alfredsen Førde |
| Nordens Kvinneforbund | Olaug Tveit Pedersen |
| Ansatte: | |
| Organisasjonssekretær | Mette Gunnari |
| Sekretær | Nini Raknes |
| Kontormedarbeider | Shandravatani Ratnesan |
| Redaktør | Lene Gloslie |

# Representasjon

## ORGANISASJONER, KOMITÉER, INSTITUSJONER OG RÅD

Norges Kvinne- og familieforbund har vært tilsluttet følgende organisasjoner, komitéer, institusjoner og råd i 2019. Der vi har oppnevnt egne representanter er dette angitt – også hvilken funksjon de har på våre vegne.

| | |
|---|---|
| The Associated Country Women of the | Aina Alfredsen Førde |
| World (ACWW) | Christine Andreassen – 2. representant<br>Merethe Brattetaule – vara 2. representant |
| Debio | Torill Malmstrøm – medlem , styret |
| FN-sambandet | |
| FOKUS | Elisabeth Rusdal – medlem av valgkomitéen |
| Frivillighet Norge | Mette Gunnari |
| Norsk TotalforsvarsForum (NTF) | Elisabeth Rusdal- medlem av valgkomitéen |
| Nordens Kvinneforbund (NKF) | Aina Alfredsen Førde<br>Olaug Tveit Pedersen - 2. representant<br>Edel Mikkelsen – vara 2. rep |
| Studieforbundet næring og samfunn | Anne Enger – medl. av styret<br>Oddlaug Hovdenak – medlem av valgkomiteen |

*Gode grunner til å velge*
*Norges Kvinne- og familieforbund.*
*En partipolitisk uavhengig organisasjon*
*med ca. 170 lokallag over hele landet*

**DITT MEDLEMSKAP ER VIKTIG!**

*Våre satsningsområder i landsmøte-perioden 2019-2020 er:*

- Husmorvikar/familievikar
- Eldreomsorg- Leve hele livet
- Fødetilbudet – styrke jordmortjenesten
- Integreringsarbeid og aktiviteter lokalt

**SOM MEDLEM FÅR DU:**

- Muligheten til å engasjere deg i nærmiljø, politisk påvirkningsarbeid, internasjonalt arbeid
- Medlemsbladet Kvinner & familie 3 ganger i året
- Tilbud om kurs, konferanser, reiser m.m. gjennom ditt lokallag/krets
- Tilbud om advokatbistand
- Rabatt ved overnatting på Scandic og Thon hoteller

**Norges Kvinne- og familieforbund**
Storgata 11, 0155 Oslo
Tlf.: 22 47 83 80

E-post: post@kvinnerogfamilie.no
Besøk oss på www.kvinnerogfamilie.no og på Facebook